

Regionalt forskningsfond Vestlandet  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dato: 27.10.2017  
Vår ref.: 2015/3292-22  
Saksbehandlar: ingskog  
Dykkar ref.: 229802

## **229802 - Sustainable Cruises: Understanding and Optimizing People, Planet and Profit - søknad om revidering av budsjett**

Prosjektet 229802 - Sustainable Cruises signerte kontrakt med regionalt forskningsfond 3.12.2016, etter at prosjektet hadde vorte vesentleg omarbeidd. Sjølv siste versjon hadde tatt lenger tid å få innarbeidd enn føresett, prosjektplanen var difor utdatert allereie ved signatur av kontrakten. Prosjektet søker no om å få revidere budsjett og prosjektperiode.

Det søkes om

- 1) å få forlenge prosjektperioden med eit halvt år slik at vi avsluttar prosjektet innan 30.12.2018 i staden for 30.06.2018.
- 2) å revidere budsjettet til prosjektet slik at Regionalt forskningsfond Vest sitt bidrag på 3 millionane fordeler seg med 323 3 – 1 260 000 – 1 420 000 på åra 2016 – 2017 – 2018, sjå vedlegg.

I prosjektet er det planlagt datainnsamling i 2 cruise sesongar. Oppstartinga i 2016 var nølande da kontrakten ikkje var på plass sommaren 2016. Det vart samle inn noe data i 2016, men vær tilhøva gjorde at det var vanskeleg å samle inn gode data (spørjeundersøkingar i havn og folk var ikkje villig til å stoppe opp) samtidig som endeleg kontrakt ikkje var signert vart dette i hovudsak skyvd på. Etter at kontrakten vart signert på slutten av 2016, har prosjektet starta for fullt og det er samla inn data i cruise sesongen 2017. For å få gode data å gjere analysar på er det lagt opp til datainnsamling i minst to sesongar. Dette er viktigaste grunnen til å be om å forlenge prosjektperioden til slutten av 2018. Det gir rom for å samle inn data i sesongen 2018, samtidig som at det gir rom for å konkludere prosjektet og arbeide med publisering hausten 2018.

Regnskapsrapporten pr 31.12.2016 synleggjer at det er brukt mindre pengar enn planlagt i løpet av 2016 (forbruk RFF Vest budsjett kr 323 316,- budsjettet 1 200 000,-). Me ønsker å overføre og fordele dei ubrukte midlane på åra 2017 og 2018 som vist i vedlegget.

Mette Nora Sætre  
Næringssjef

Ingjerd Skogseid  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*